



Justis- og beredskapsdepartementet
Postboks 8005 Dep
0030 OSLO

Vår ref.: 16/00207-2

Dato: 09.02.2016

Høyringsvar - endringer i utlendingslovgivningen (innstramminger II) av 29.12.2015

VID vitenskapelige høgskole(VID) si diakonale verdiforankring handlar om eit engasjement for rettferd, barmhjertighet, solidaritet og teneste for medmenneske som spring ut av kristen tru og humanistiske verdiar. Me har i over 100 år utdanna fagpersonar som arbeider med ekskluderte og marginaliserte grupper.

På vegne av VID, sender me med dette synspunkt på regjeringa sine forslag til «endringer i utlendingslovgivningen (innstramminger II)», av 29. desember 2015. Me innleiar med overordna kommentarar til høyringsnotatet og kommenterer særleg forslaga om fornya beskyttelsesvurdering ved fylte 18 år for einslege mindreårige asylsøkarar (punkt. 6.4), samt endringar i reglar om familiegjenforeining (kap. 7). Dette er område VID har særleg fag- og forskingskompetanse på.

Overordna kommentarar: Innvandringsregulerande omsyn står over vern av flyktningar

VID saknar eit vidare perspektiv på situasjonen som foranlediga lovforslaget i høyringsnotatet. Som verdssamfunn står me overfor det som truleg er den største humanitære katastrofen etter 2. verdskrig. Årsaka til at mange menneske er på flukt og deira sårbare situasjon, vert ikkje nemnd i høyringsnotatet. Derimot vert det skrive om asylsøkarars «tilbøyelighet til å velje Norge fremfor andre land» (s. 13), at det høge talet på asylsøkarar set «utlendingsforvaltningen og mottakssystemet under press» (s. 13) og behovet for å « redusere mulighetene for misbruk » (s. 8). VID er sterkt kritisk til eit slikt overordna fokus på innvandringsregulerande omsyn heller enn på å verna sårbare menneske. Høgskolen meiner at fleire av forslaga frå regjeringa står i kontrast til menneskerettane og grunnleggande verdiar som menneskeverd, barns rettigheter, familietilknytning og rettstryggleik. Norge er i verdssamheng eit trygt, privilegert og ressurssterkt land. Dette gjev oss eit stort humanitært ansvar i situasjonen me no er i.

VID meiner at det humanitære og menneskerettslege ansvaret Norge har for å verna flyktningar, må vektast langt tyngre enn det høyringsnotatet legg opp til.

Om forslaget om fornya beskyttelsesvurdering ved fylte 18 år for einslege mindreårige asylsøkarar

Forslaga som inneber at einslege mindreårige asylsøkarar skal måtta leva i månadar og år med uvisse om korvidt dei får bli i landet etter at dei har fylt 18 år, strir mot barnefaglege råd. Tryggleik, stabilitet og forutsigbarhet er viktig for alle barn, men særleg for dei mest sårbare. Det er kjend at mange av borna som kjem som mindreårige asylsøkarar til Norge, er traumatiserte av hendingar dei har opplevd i heimlandet og medan dei har vore aleine på flukt. Å måtta leva i uvisse om kva som skal skje etter fylte 18 år, vil skapa ei ytterlegare belastning for desse borna.

VID meiner også at dette forslaget ikkje fremmar integrering. Det er grunn til å tru at motivasjon til å læra norsk, gå på skule og å delta på andre arenaer, som er sentrale for integrasjon, vert svekka for desse borna når dei ikkje får visse om framtida si. Høgskulen vil også peika på at premisset regjeringa legg til grunn for forslaget til lovendring, ikkje ser ut til å finna støtte i forskning og fagkunnskap på området. Regjeringa hevdar at ein vil motverka at born vert sende ut på farefulle reiser som såkalla ankerborn for å auka velstanden til familien. Antakinga om at desse borna kjem til Norge for at familien skal kunna koma etter, synest ikkje å verta stadfesta av statistikk frå UDI, som viser at berre ein av 18 mindreårige asylsøkarar vert gjenforent med familien sin. Hovudårsaka til dette er i følge UDI at familiemedlemmer i heimlandet ikkje søker familiegjengeining.

På bakgrunn av det ovannemnde går VID i mot forslaget om innstrammingar i regelverket for einslege mindreårige asylsøkarar.

Om forslag om endringar i reglar for familiegjengeining

Internasjonale konvensjonar, som Norge har forplikta seg til å følga, legg vekt på vernet om familien. Forslaget om å innføra underholdskrav og krav om fire års arbeid eller utdanning før familiegjengeining kan finna stad med ein flyktning, er etter VID sitt syn i strid med retten til familieliv.

For det første er det grunn til å tru at særleg personar som er sjuke, har opplevd traumastiske hendingar eller har lite utdanning frå eige land, vil ha store problem med å oppfylle desse krava i det heile, og dermed ikkje vil kunna bli gjenforeint med familien sin. Også for dei som klarer å oppfylle kriteria regjeringa føreslår, vil saksbehandlingstid, eventuelle periodar utan arbeid, saman med kravet om fire års arbeid eller utdanning før familiegjengeining kan finna stad, føra til at familiar er splitta i svært mange år. VID meiner at også dette forslaget er til hinder for integrering. Det er grunn til å tru at år med familieadskillelse og uro for korleis familien har det i heimlandet eller på flukt, svekkar konsentrasjonsevne om norskopplæring, anna utdanning og evne til å koma inn på arbeidsmarknaden, samt deltaking på andre sentrale arenaer for integrasjon. Høgskulen meiner at ei normalisering av tilværet i Norge med familien samla, vil vera den beste og mest humane måten for flyktningar å bli integrerte på.

På bakgrunn av det ovannemnde går VID i mot forslaget om endringar i reglane for familiegjengeining.

Med vennlig hilsen

Ingunn Moser(sign).
rektor